



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 25.09.2018

Sak nr.: 17/9379-10

Internt l.nr.: 44678/18

Sak: 43/18

Tittel: Forvaltningsrevisjon - Reiseliv - rapport

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av reiselivssatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - i. Sørge for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høyringsuttalen.
 - ii. Sørge for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane og dei meir langsiktige tiltaka i fireårsplanen/den rullerte Verdiskapingsplanen.
 - iii. Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år.
 - iv. Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakshandsamar reiseliv.
 - v. Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir gjennomført i samsvar med intensjonen.
 - vi. Tydeleggjere gjennom sakshandsamingsrutinane kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningsliner for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høyringsuttalen til fylkesrådmannen.
 - vii. Sørger for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.

- viii. Sikre at vurderingar i samband med sakshandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er gjort og kvifor.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31.12.2018.